

Rutine for innmelding av saker til Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Innmelding av saker

Saker til behandling i regionalt brukarutval skal meldast inn med skriftleg notat, seinast ei veke innan møtet. Sakunderlag skal sendast til leiar, nestleiar og sekretær av regionalt brukarutval. Alle kan melde inn saker til RBU sine møte (administrasjon, eksterne organisasjonar, pasientar og pårørande).

Saken kan belysast gjennom ei kort innføring i bakgrunn, problem og/eller tema. Notatet bør haldast kort, men innehalde tilstrekkeleg informasjon til at RBU kan drøfte saka. Ei sak kan leggest fram til orientering, drøfting og/eller avgjerd. Regionalt brukarutval har ikkje mandat til å fatte vedtak (berre styret har det), men i nokre saker er det behov for at brukarutvalet gir si tilslutning og då kan setningar med *sluttar seg til*, *avgjerd* eller *konklusjon* brukast.

Regionalt brukarutval skal virke på systemnivå. Enkelsaker og personsaker med sensitive personopplysningar høyrer ikkje heime hos RBU. Slike saker bør heller rettast til pasientombodet i fylket.

Behandling av saker til RBU

Når saka er meldt inn, vil leiar, nestleiar og sekretær gjennomgå saka og drøfte vidare behandling i eit arbeidsutvalsmøte. Dersom arbeidsutvalet meiner at saka heller høyrer heime i eit anna forum, blir det gitt ei skriftleg tilbakemelding til vedkommande. Som regel blir saka sett opp til eit kommande RBU-møte. RBU har ti møte i året.